

Korleis arbeider PP-tenesta?

PP-tenesta samarbeider mellom anna med barnehagar og skolar for å tilretteleggje tilbodet etter dei føresetnader og behov barnet/eleven har. Saksbehandlinga til PP-tenesta kan delast i tre fasar:

1. Utgreiing Når PP-tenesta får ei tilvising, er det vanleg å høyre kva foreldra, i samarbeid med barnehagen og skolen, ønskjer hjelp til. Gjennom samtale/intervju, observasjon og testing skaffar PP-tenesta seg eit mest mogleg fullstendig bilete av kva føresetnader og behov barnet/eleven har. Utgreiinga går føre seg i barnehagen, på skolen, eller i lokala til PP-tenesta.

2. Sakkunnig vurdering/tilråding På bakgrunn av utgreiinga gjer PP-tenesta ei sakkunnig vurdering (ein skriftleg rapport) og tilrår eventuelt tilrettelegging i barnehagen eller i opplærings situasjonen med utgangspunkt i føresetnadene til barnet/eleven. PPT gir sakkunnig tilråding. Dei mest vanlege områda er vurdering av spesialpedagogisk hjelp for barn under skolepliktig alder og spesialundervisning for elevar.

3. Oppfølging PP-tenesta kan gi oppfølging i form av råd/retteleiing til foreldre, tilsette i barnehagen og lærarar på skolen. PP-tenesta kan gi støttesamtalar til den enkelte eleven, og dei kan vurdere eventuell vidare tilvising.

PP-tenesta sitt arbeid er forankra i opplæringslova, mellom anna i følgjande paragrafar:

§ 5- 1 *Rett til spesialundervisning*

§ 5-3 *Sakkyndig vurdering*

§ 5-4 *Saksbehandlingen i forbindelse med vedtak om spesialundervisning*

§ 5-6 *Pedagogisk-psykologisk teneste*

§ 5-7 *Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder*

PPT

Pedagogisk Psykologisk Teneste

**Informasjon til
elever / foresatte**

Kontakt oss:

Telefon : 52758070

Mail : ppt@tysver.kommune.no

Kontakttid : 08:30—15:00

www.tysver.kommune.no

Alle ansatte i PPT har taushetsplikt



Nynorsk

Informasjon om pedagogisk-psykologisk teneste

Pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesten)

Pedagogisk-psykologisk teneste (ofte forkorta PPT eller PP-tenesta) er ei kommunal eller fylkeskommunal rådgivande teneste. Ho skal hjelpe barn, ungdom og vaksne som strever i si utvikling, eller som har ein vanskeleg opplæringssituasjon.

PP-tenesta skal mellom anna gi barnehagar og skolar råd og rettleiing om å tilretteleggje for barn/elevlar som treng det.

PP-tenesta skal bistå skolar for å leggje opplæringa betre til rette for elevlar med særskilde behov.

PP-tenesta har teieplikt.

Opplysningar om barnet/eleven er unnatekne det offentlege, og blir ikkje gitt vidare utan at foreldra har godteke det. Informasjon om barnet/eleven skal oppbevarast i ein eigen journal/ei eiga mappe etter retningslinjer frå Datatilsynet.

Kva gjer PP-tenesta?

PP-tenesta greier ut og gir råd og rettleiing om barn, unge og vaksne som har utfordringar knytte til

- språk- og talevanskar
- generelle lærevanskar eller fagvanskar
- lese- og skrivevanskar
- matematikkvanskar
- konsentrasjonsvanskar
- sosiale og emosjonelle vanskar
- åtferdsvanskar
- syns- og hørselsvanskar

Korleis kan du som forelder kontakte PP-tenesta?

Før du tek kontakt med PP-tenesta, bør du snakke med helsestasjonen/barnehagen/skolen om di bekymring for barnet ditt. Elevlar over 15 år kan også ta kontakt med PP-tenesta. PP-tenesta kan også bistå vaksne som ønskjer å ta grunnskoleopplæring.

Både individ og institusjonar (barnehagen, skolen og andre) kan anonymt kontakte og søkje råd hos PP-tenesta.

Dersom det er behov for meir bistand frå PP-tenesta, kan barnet/eleven tilvisast til PP-tenesta.

Tilvising til PP-tenesta skjer vanlegvis ved å bruke eit tilvisingsskjema. Sjå heimesida til Tysvær kommune (www.tysver.kommune.no)

Ta kontakt med barnehagen/skolen for å få hjelp til å fylle ut tilvisingsskjemaet.

Andre som kan tilvise til PP-tenesta:

- Barnehagen, skolen og vaksenopplæringa.
- Helsestasjonen og sjukehuset etter samtykke frå foreldra dersom barnet/eleven er under 15 år.

Eleven eller foreldra kan krevja at skolen gjer dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva for opplæring eleven treng.

